

Styringsgruppemøte og ressursgruppemøte i læringsnettverket for Vestland

Dato: 17.juni 2022

Stad: Teams

Sak:	Tema:	Status/konklusjon	Konklusjon, ansvar og tidsfrist:
1.	Kort presentasjonsrunde og gjennomgang av sakslista	Ingen nye saker, sakslista som blei sendt ut på førehand er godkjent.	Saksliste godkjent
2.	Status - prosjektsøknader	<p>Søknadar om stimuleringsmiddlar 2022</p> <p>Statsforvaltaren har i år tatt i mot 13 søknadar om stimuleringsmiddlar til utviklingsprosjekt i regi av læringsnettverket innan fristen 1. juni 2022. Søknadane er fordelt slik:</p> <ul style="list-style-type: none"> - 6 frie midlar – 1 350 000,- søknader for 3 448 000,- - 7 fosterheim – 2 900 000,- søknader for 5 587 500,- <p>To av prosjekta er vidareføringar av eksisterande utviklingsarbeid, og tre er heilt nye prosjekt. Statsforvaltaren håpar å få behandla alle søknadane og sendt brev til kommunane innan medio juli. Pengane vert utbetalt til dei som får tilskot i august. Pengane må nyttast innan utgangen av 2023. Neste moglegheit for å söke tilskot i nettverket vert truleg 1. juni 2023.</p> <p>Samarbeid mellom prosjekt og kompetansemiljø:</p> <p>Det har ikkje våre stor pågang med nye spørsmål om samarbeid og støtte knytt opp mot utviklingsprosjekta, men dei fleste kompetansemiljøa har allereie samarbeid med eitt eller fleire utviklingsprosjekt. Kompetansemiljøa fortel at dei har oversikt over dei allereie eksisterande prosjekta, og dei fleste gjev utrykk for at dei har grei kapasitet til å handtere nye ynskjer om samarbeid.</p>	Orienteringssak
3.	Bruk av mal for prosjektpresentasjon	<p>RVTS ved Linda har utarbeid ein mal for presentasjon av pågående og avslutta utviklingsprosjekt, som prosjektleiarane er oppmoda om å fylle ut innan barnevernleiar- og nettverkssamlinga i den 21.-22. september.</p> <p>Målet med plakatane er å gjere prosjekta og det vi utviklar i nettverket tilgjengeleg for andre, også etter at prosjekta er avslutta. Kontaktinformasjon til prosjektleiar og nokre stikkord om innhaldet er bra å få med. Stort ynskje om å bygge vidare på det arbeidet som er gjort i prosjekta både i Vestland, men også nasjonalt. Så langt finns ikkje planar for ei nasjonal nettside med alle prosjekta, men Statsforvaltarane er oppmoda om å gjere informasjon om prosjekta tilgjengeleg på våre nettsider.</p> <p>Vi håpar da å kunne vise fram alle prosjekta med fine plakatar i A3 format på barnevernsamlinga i september. Målet er også å gjere posterane tilgjengeleg digitalt på nettsida til nettverket. Så langt er det to prosjekt som har sendt inn sine prosjektpresentasjonar. Dei har vorte veldig fine og gjev god informasjon. Det er nokre avklaringar som står att før vi kan legge dei ut på nettsida, mellom anna knytt til krav om universell utforming og strenge reglar for bruk av biletar. Mogleg vi må lage ein revidert mal for det som skal ut på nettsida. Dette kjem vi attende til etter sommaren.</p>	<p>Orienteringssak</p> <p>Konklusjon: Bente C. følger opp dette med nye retningslinjer for å publisere på nettsiden. Sender ut informasjon etter ferien, ved behov for endringer.</p>
4.	Tilbakemeldingar på gjennomførte arrangement og aktivitetar i projektstøtteriggen så langt i år	<p>Innspel frå Unni (RKBU Vest):</p> <p>Dei har hatt ei rettleiingsgruppe for prosjektleiarar. Det er gode tilbakemeldinga, frå dei som har delteke, men noko ustabil oppmøte. Dette gjer at det er vanskeleg å få til gode rettleiingsprosessar for dei som kjem. Det er frivillig å delta i rettleiingsgruppa, og det kan da lett bli litt ustabil oppmøte, og nokon deltek berre av og til. Eit tiltak for å skapa meir stabilitet kan være å lage ei påmelding, slik at dei som ynskjer å delta i rettleiingsgruppa melder seg på. Det er også ei vurdering om ein skal ha ei gruppe for dei mest erfarne prosjektleiarane, og ein for dei som er ny i rolla. Vi kjem attende til dette over sommaren når vi har litt meir oversikt over prosjektleiarane for dei nye prosjekta.</p> <p>Kan det være aktuelt å gjere noko spesielt for dei nye prosjekta? Det er få nye prosjekt så det er kanskje ikkje naudsynt å ha den ordinære samlinga for prosjektoppstart.</p> <p>Vi held fram med dei øvrige aktivitetane i projektstøtteriggen.</p>	<p>Konklusjon: Unni tek kontakt med SF for ein status i august, og sender ut ein invitasjon til alle prosjekta i Rogaland og Vestland.</p>
5.	Planlegge barnevernleier og læringsnettverksamlinga 21.-22. september 2022	<p>Innspel til program:</p> <p>Bente C. innleiar kort med kva tilbakemeldingar vi har fått frå deltarane på evalueringar og gruppeoppgåver på samlinga i fjor haust, samlingane no i vår og kva leiarane så på årsmøtet i januar at dei yngste at vi skulle sette fokus på i nettverket i 2022. Dette var mellom anna reforma, tverrfagleg samhandling, ny barnevernlov og plan for førebyggande arbeid, samt EMD dommane og implikasjonane av den.</p> <p>Fleire av desse tema har vi allereie våre innom på dei arrangementa vi har hatt i år. Vi drøfta om det er noko av dette vil skal sette av tid til på samlinga i september?</p> <p>Forslag: Invitere Bufdir og/eller Statsforvaltaren til å snakke om samhandlingsregelverket og ny barnevernlov. Elles er det kanskje andre tema som er enda meir aktuelle?</p>	<p>Konklusjon: Vi legg i hovudsak opp til eit tradisjonelt program med der alle samarbeidspartnarane til nettverket og alle utviklingsprosjekta har litt taletid kvar. I tillegg har vi valt to faglege tema som vi vil sette særleg fokus på denne gongen.</p>

	<p>KS ved Sølv: ynskte ein programpost med namnet: «Nytt og nytig frå KS om arbeid med born og unge». Eit innlegg for å løfta fram «Barnevernsløftet». Så langt har 12 av kommunane i Vestland meldt interesse.</p> <p>NUBU ved Jorid: Ynskjer å bidra med innlegg i forhold til den nye barnevernsreforma, med fokus på kommunebildet, TIBIR og tverrfagleg samhandling (etter sender innspel på e-post).</p> <p>Vi drøfta oss fram til to hovudtema vi ynskte å rette merksemda mot på samlinga:</p> <p>Tema 1: Vald og tiltaksarbeid</p> <ul style="list-style-type: none"> • Torill frå Øygarden barnevernteneste: Det er aktuelt med tema og fag om høgkonflikt, vald og vestlandsmodellen. Vi erfarer at mange meldingar om vald ikkje ender opp i tiltak. Dette fører til at yrkesutøvarar går i høg grad av bekymring, at dei oppdagar lite i undersøkinga, og at sakene vert henlagt. Aktuelle spørsmål å diskutere er: Kva betyr dette? Er ikkje tiltaka gode nok, eller blir ikkje undersøkinga gjort grundig nok? • Eirin Elisabeth frå Barnehuset: Vi ynskjer å kome i dialog med kommunane i saker om vald og overgrep. Vi opplev stor nedgang i meldte sakar, kva handlar dette om? <p>Bente C. Kanskje vi kan invitere to av prosjekta som har merksemda på desse tema til å bidra inn i ei innleiing til ein grupperefleksjon over desse tema? Vi har prosjektet der Barnehuset samarbeider med Kvinnherad og Ullensvang om valdsførebyggande arbeid og Høgkonfliktprosjektet, Vestlandsmodellen.</p> <p>Tema 2: Høgkonflikt og vald</p> <ul style="list-style-type: none"> • Behov for å tematisera vald og høgkonflikt – det er utfordrande og slitande. • Innspel frå Vibeke ved HVL, Dr. grad til Inger Kristin er aktuell - Løfte fokus på kva andre kan bidra med, kanskje ho kan halde ein innleiing? • Dette temaet kan også knytast til tema som eigenomsorg og ivaretaking av tilsette. Til dømes: Kva er det som gjer at det er ein så stor «turn over»? Høgkonflikt og vald kan være ein del av det. Korleis kan ein som ledar og medarbeidar legge til rette for at barnevernstilsette kan ivaretakast? • Eit undertema kan være: «Eigenomsorg og ivaretaking av barnevernstilsette» Det å arbeide med menneske og menneskeleg liding – korleis påverkar det arbeidsutøvarar? Viktig å løfta fram eigenomsorg og ivaretaking <p>Andre forslag til tema og refleksjonar kring programmet</p> <ul style="list-style-type: none"> • Enorm auking i sakar om bekymringsfull og skadeleg seksuell åtferd blant born og unge. • Ikkje ha for mange tema, og heller ha litt betre tid til å gå på djupet. • Ta utgangspunkt i nokon av prosjekta, for å gå på djupet i noko av det, bra med litt felles refleksjonar. Møglegheit til å snakke saman på tvers av kommunegrenser og kompetansemiljø er nyttig. 	<p>Fint med litt variasjon, gode pausar og nokre grupperefleksjonar mellom innlegga.</p> <p>Nokon i styringsgruppa fekk ansvar for å førebu ei innleiing til desse to tema på 15-20 minuttar, og koble på andre kontaktpersonar frå prosjekt eller kompetansemiljø som kjenner denne tematikken.</p> <p>Tema 1: Vald og tiltaksarbeid: (Torill Svendsen), Laila Grøn-Jensen og Eirin Elisabeth</p> <p>Tema 2: Høgkonflikt: Gerd Ynnesdal og Unni Strandman</p> <p>Bente C. utarbeidar forslag til førebels program på bakgrunn av innspela og sendar ut til deltakarane på møtet til gjennomlesing. Vi kan gjøre endringar både i førebels og endeleg program. Det er mange på talarlista.</p>	
8.	Forslag til sakar til drøfting på neste møte i styrings- og ressursgruppa – fysisk møte på Flesland 20.september	<ol style="list-style-type: none"> 1. Implementering og deling av det som blir utvikla i prosjekt – og kompetansemiljøa si rolle i dette 2. Forventningsavklaring og bevisstheit rundt rolla til kompetansemiljøa. Det er ein avklaringsprosess som er viktig for både kompetansemiljøa og prosjekta 3. Nettverkets framtid etter 2024 – Kan vi gjer grep som sikrar vidare drift? Dei er einige om at nettverket er ein viktig og positiv ressurs, og ynskjer å legge ein plan for korleis dei kan ta det vidare. 	<p>Konklusjon: Bente sender ut invitasjon til møte og forslag til agenda. Alle kan spele inn sakar på e-post til Bente C. fram til møtet.</p>
9.	Eventuelt	Ingen saker på eventuelt	

Hovudrepresentantar i styringsgruppa:

Navn:	Barnevernteneste/organisasjon:	Deltok på møtet:
Gerd Ynnesdal	Gloppen	ja
Randi Pedersen	Kvinnherad	nei
Monica Loen Grov	Sunnfjord	nei
Torill Svendsen	Askøy	ja
Anita Fonnes	Bergen	nei
Unni Strandman	NORCE RKBU Vest	ja
Linda Renate Kvalvik	RVTS Vest	ja
Bente Cecilie Foss	Statsforvaltaren	ja
Berit Hognestad Haaland	Bufetat region Vest	ja

Sølvi Olrich Sørebø	KS	ja
Svein Eirik Hamre	Norsk Fosterhjemsforening - Hordaland	ja

Vara for styringsgruppas medlemmer:

Navn:	Kommune/organisasjon:	Deltok på møtet:
Owe Myklebust	Haugesund	Nei
Laila Grøn-Jensen	Øygarden	Ja
Jørund Tvedt	Stord (SIB)	Nei
Jane Hesjedal	Gulen og Masfjorden	Nei
Elisabeth Abelvik	Bergen	Nei
Siv Skotheim	NORCE RKBU Vest	Nei
Hege Sundt	Høyskolen på Vestlandet	Nei
Carol Kjøpstad Vangsnæs	Bufetat	nei
Bård Tyldum	Statsforvalteren i Vestland	nei
Frode Kyrkjebø	KS Vestland	nei
Victoria Dollst	Landsforeningen for barnevernsbarn	nei

Hovuddrepresentantar i ressursgruppa:

Navn:	Represepterar:	Deltok på møtet:
Hege Sundt	Høyskolen på Vestlandet, Sogndal	nei
Vibeke Samsonsen	Høyskolen på Vestlandet, Bergen	ja
Linda Renate Kvalvik	RVTS	ja
Jorid Bjørkås	NUBU	ja
Sølvi	KS	ja
Berit Hogenstad Haaland	Bufetat	ja
Unni Strandman	RKBU Vest	ja
Heidi Eriksen Losnedal	Barnehuset i Bergen	nei
Brita Leivestad	KoRus	nei
Anette Christine Iversen	Universitetet i Bergen - HEMIL	nei
Bente Cecilie Foss	Statsforvaltaren	ja

Vara representantar for ressursgruppa:

Navn:	Represepterar:	Deltok på møtet:
Louise Bratlie	Bufetat	Nei
Bård Tyldum	Statsforvaltaren i Vestland	Nei
Kristin Ryngøye Matre	Høyskolen på Vestlandet, Bergen	Nei
Merete Tunestveit	Høyskolen på Vestlandet, Sogndal	Nei
Frode Kyrkjebø	KS Vestland	Nei
Bente Styve Pettersen	NUBU	Nei
Olin Oldeide	Universitetet i Bergen – HEMIL	Ja
Siv Skotheim	RKBU Vest	Nei
Randi Abrahamsen	KoRus	Nei
Eirin Baugstø	Barnehuset i Bergen	Ja
Cathrine Eide	RVTS	nei
Reidar Tore Dale	Korus	ja

Referantar: Bente Cecilie Foss og Ingrid Bjelland

Referat sendt til gjennomlesing til møtedeltakarane: 23.06.2022

Referat godkjent: 01.08.2022